



Saksframlegg

Miljøfyrtårn-partnerskap – tiltak for grøn omstilling i næringslivet i Fyresdal

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har nyleg oppnådd Miljøfyrtårn-sertifisering for administrasjonen lokalisert i Næringshagen, og arbeider vidare med sertifisering av dei øvrige kommunale einingane. Dette er eit viktig steg i kommunen sitt miljøarbeid og viser at Fyresdal ynskjer å vere ein aktiv pådrivar i det grønne skiftet.

For å styrkje dette arbeidet vidare, og for å ta ei tydeleg rolle som lokal samfunnsutviklar, ønskjer kommunen å bli partner i Stiftinga Miljøfyrtårn. Partnerskapet gir kommunen tilgang til verktøy, fagressursar og nettverk som kan nyttast både i kommunen sitt eige miljøarbeid og som støtte til lokalt næringsliv.

Miljøfyrtårn er ei nasjonal ordning etablert av kommunar og arbeidslivsorganisasjonar. Over 11 000 verksemder i Noreg er i dag sertifiserte. I Fyresdal kommune er ingen – forutan sjølve kommunen (administrasjonen) – sertifiserte. Dette står i kontrast til nabokommunane, som kan vise til fleire verksemder med Miljøfyrtårn-sertifisering. Kommunane har ei sentral rolle som motivatorar og kravstillarar i eigne prosessar, og her har Fyresdal eit tydeleg potensial for å ta att – og gjerne forbi – våre naboar.

For Fyresdal er dette og eit strategisk grep for vidare næringsutvikling. I større prosjekt og anbod vert det stadig oftare stilt krav om miljøsertifisering. Lokale verksemder som oppnår Miljøfyrtårn-sertifisering, vil stå sterkare i konkurransen og samtidig bidra til auka lokal verdiskaping. Sertifiseringa gir verksemdene dokumentasjon på miljøleiling som er godkjend i offentlege anbod – på linje med både ISO 14001 og EMAS.

Kommunen sine plikter:

- Eit politisk vedtak inneber at ordførar eller annan representant frå kommunen deler ut Miljøfyrtårn-diplomet til sertifiserte verksemder. Det vert tilrådd å gjennomføre utdelinga som eit arrangement, gjerne med pressedekning.
- Kommunen peikar ut ein miljøfyrtårnkoordinator. Koordinatoren har tilgang til ei eiga nettside med informasjon og vert invitert til årlege fagarrangement.
- Kommunen betaler årleg lisens til Miljøfyrtårn, gradert etter folketal. Prisen for Fyresdal kommune i 2025 er kr 3 550,- per år.
- Kommunen skal synleggjere på eigne nettsider at ho er del av Stiftinga Miljøfyrtårn sitt nettverk.
- Det vert tilrådd at kommunen jobbar aktivt for å motivere verksemder i kommunen til å bli Miljøfyrtårn-sertifiserte.

Stiftinga Miljøfyrtårn sine plikter:

- Miljøfyrtårn gir rettleiing og råd om diplomoverrekkingar og korleis kommunen kan marknadsføre dette lokalt, i presse og sosiale medium.
- Miljøfyrtårn tek hand om bestilling og utsending av diplom til kommunen.
- Representantar frå Miljøfyrtårn kan bidra i informasjonsmøte, gjerne i samarbeid med næringsforeining eller destinasjonsselskap.
- Miljøfyrtårn gjennomfører to årlege faglege arrangement kostnadsfritt, der alle partner kommunar vert inviterte.
- Miljøfyrtårn kan bidra med fagkompetanse i korleis kommunen kan bruke innkjøpsmakta si til å stille krav om miljøleiing.
- Miljøfyrtårn forvaltar sertifiseringskriteria i tråd med utviklinga i dei ulike bransjane og held partnerane løpande orienterte.
- Miljøfyrtårn oppdaterer fortløpande oversikt over sertifiserte verksemder i kommunen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø og Strategi for næring og arbeidsliv: Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling

Tiltaket støttar opp under kommunen si rolle som tilretteleggjar for næringsutvikling, og bidreg til å styrkje både det lokale næringslivet og kommunen sitt eige miljøarbeid. Gjennom partnerskapet får Fyresdal kommune eit konkret verkemiddel til å fremje grøn vekst, og kommunen kan ta ein tydeleg posisjon som pådrivar for berekraft og miljøleiing i næringslivet.

Konklusjon:

Det er administrasjonen si vurdering at Fyresdal kommune bør bli partner i Stiftinga Miljøfyrtårn for å styrkje miljøarbeidet, fremje grøn næringsutvikling og ta ein tydeleg posisjon som pådrivar for berekraftig utvikling.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune deltek som partner i Stiftinga Miljøfyrtårn.

- Kommunedirektøren oppnemner ein Miljøfyrtårn-koordinator.
- Dei årlege kostnadane på kr 3 550,- knytt til kommunelisens og diplom vert belasta driftsbudsjettet for plan og teknikk.
- Fyresdal kommune skal aktivt fremje miljøsertifisering i det lokale næringslivet for å styrkje konkurranseevna og bidra til det grønne skiftet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Sunniva Slyngstad
	prosjektkoordinator